

Fråsegn til Statskraft sitt revisjonsdokument: "Vilkårsrevisjon Maurangervassdragene"

Ref.: 202016892-12

Kvinnherad Turlag har tidlegare sendt fleire ulike fråsegner til NVE vedrørande omsøkte tiltak og utbyggingar i Mauranger, seinast søknaden om utbygginga Mauranger 2. Difor skulle laget sin identitet og aktivitet i utbyggingsområdet vera kjend. I denne fråsegna vert difor nærare presentasjon av laget utelaten.

Vi startar med å peika på at Statskraft i sitt dokument "Vilkårsrevisjon Maurangervassdragene Revisjonsdokument Februar 2023" har valt å omtala FELLEES-innspelet til Kvinnherad kommune frå BERGEN OG HORDALAND TURLAG og KVINNHERAD TURLAG som eit dokument frå Kvinnherad Turlag åleine. Hovudlaget, som lokallaget Kvinnherad Turlag er tilknytt - og sende inn fråsegn til kommunen i lag med - er ikkje nemnt ved namn i Statskraft sitt revisjonsdokument. Etter vårt syn er dette ein formell blunder, og feilen reduserer innspelet til eit lokalt, i staden for eit regionalt innspel. (Vi ser av samanfatninga av innspel som Kvinnherad Kommune har sendt til NVE, at Bergen og Hordaland Turlag er oppført som innsendar i lag med lokallaget i Kvinnherad.)

Så til merknader knytte til innhaldet i revisjonsdokumentet til Statskraft:

1 RIDESTIEN FRÅ GJERDE

Delvis øydelagd og lite brukt 1970 - 2000, men deretter nymerkt, rydda og skilta

På s. 74 feiloppfattar Statskraft vårt innspel vedrørande den eldste ridestien frå Gjerde i Austrepollen til Mysevatnet - og vidare til Urdabotnen og Hundsøyra. I teksten trur Statskraft at det må "dreie seg om ruta om Hardingaskaret." Nei, vårt innspel gjeld ridevegen som gjekk via den eldste turisthytta ved Folgefonna, i Urdabotnen. Og sjølv om denne vegen vart delvis øydelagd av anleggsverksemda på 70-talet, vart stien rydda, skilta og nymerkt med T-ar tidleg på 2000-talet. Nedre del, på nordsida av Austrepolluelva/inngangen til Folgefonntunnelen, vart opprusta av grunneigarar i Austrepollen, og bygdlaget i Mauranger sette opp bru over elva frå Mysevatnet ved Lonelia i Bjødnajuvet. Denne brua vart etter nokre år teken av sterk vind, men turfoket har tilpassa seg og passerer dei små vassmengdene som vanlegvis renn i det gamle elvefaret, like på oversida av staden der brua var. Det øvre stykket av den nyopprusta stien/traktorvegen opp mot Bjødnajuvet har dei siste åra diverre vorte skadd av ras frå Lonelia. Det går likevel greitt å ta seg fram til fots.

Etter at denne gamle ferdselsvegen såleis vart rydda og merkt for om lag 20 år sidan, stemmer det dårleg med realitetane av i dag når Statskraft skriv: "... deler av den /stien/ har grodd igjen og blitt vanskeligere å finne." Vi kjenner elles til at utbyggjaren fjerna diverse jernskrap frå anleggsperioden på 70-talet langs stien etter at turlaget nymerkta og rydda der for ca. 20 år sidan.

Sjølv om Statkraft ikkje finn ridestien avmerkt som eit kulturminne på www.kulturminnesøk.no er dei gamle - og godt synlege - murane og steinsetjingane frå siste halvdel av 1800-talet eit talande minne om turistferdsle som her gjekk føre seg allereie eit par tiår før noko liknande skjedde i Sunndal nokre få kilometer ute i fjorden ("Keisarstien"). I tillegg til at denne stien er omtala i DNT sine årbøker og i Bergen Turlag sitt hefte "Sti og Varde", er historia bak ridestien frå Austrepollen/Gjerde godt dokumentert i artikkelen til Cleng Andersen Eikje i 2016-årboka til Hardanger Historielag: "Ferdslø- og turistvegen mellom Gjerde og Tokheim". Artikkelen byggjer på ei masteroppgåve i historie frå Universitetet i Bergen: "De første fjellførerne. Fremveksten av førervesenet i Norge 1820-1940, med side- blikk til Alpene." Oppbygginga og bruken av ridestien frå Gjerde kan også dokumenterast av notat i patentbøker tilbake til 1800-talet. Det er diverre feil når Kartverket markerer denne kjende ridestien som "Umerket sti", sjølv på nye kart. Kvinnherad Turlag vil gjera Kartverket merksam på dette. Kvinnherad Turlag vil også ta initiativ til at styresmaktene for registrering av kulturminne ser på ev. manglande registrering av den eldste ridestien til Folgefonna.

Store mengder stein og grus vart i anleggstida på 1970-talet tippa ned i nedre del av stien, men oppå massane har det i nokon mon kome til vegetasjon med åra, og stien er på desse stadene nymerkt oppå grusen. Men dette utgjer korte strekkjer. I øvre del, like under Mysevassdammen, følgjer merkinga eit kort stykke ein ny trase før stien kjem opp på anleggsvegen under dammen. Hovuddelen av stien opp til Mysevatnet er den opprinnelege frå 1870-talet.

Frå Mysevassdammen til Hundsøyra er det også merkt med T-ar. Då den opprinnelege ridestien og hytta i Urdabotnen vart neddemde ved reguleringa av Mysevatnet, skulle den nye "erstatningsstien" langs vatnet få same standard som den gamle. Det skjedde ikkje. Den nye stien fekk langt dårlegare standard. På grunn av oppdemminga går stien langs Mysevatnet no høgare i lendet enn den gamle ridestien. Ein stad like innom elva i Bagdalen har utbyggjaren bygd ein gangveg i treverk oppunder eit overheng slik at det skal vera mogeleg for folk og dyr å passera. Statkraft nemner at denne installasjonen vert vedlikehalden. Det må vera ei stund sidan ...

Ikkje langt frå staden der den gamle Urdabotn-hytta låg, finn ein att dei gamle vegmurane der ridestien held fram oppover mot Hundsøyra og breen. Og på høgda, før Hundsøyra, kjem ein til staden der det endå ligg restar etter hestesledane som vart brukte til å frakta turistar over Folgefonna kring hundreårsskiftet 1800-1900. Staden har fått namnet Sledane, og det er forvitneleg å studera desse minna etter sledefarten over breen. Endå eit prov for kvifor denne stien er eit viktig kulturminne.

Statkraft bør notera seg at denne stien er eit verdfullt kulturminne som må takast vare på og vernast. Framtidig anleggsarbeid ved Mysevatnet må ikkje gå ut over den eldste ridestien til Folgefonna.

2 STI FRÅ MARKJELKE TIL BOTNANE/BOTNABREA

Slik vi oppfattar Statkraft, ligg tilrettelegging av denne traseen utanfor revisjonsinstituttet. Det er vi usamde i. Tilkomsten vart vanskeleggjord etter utbygginga. Fram til kraftanlegget i Mauranger kom i drift, kunne ein gå eller vassa trygt på grunt vatn på Sandane under/vest for Kvadneberget. No må ein ta seg fram i vanskeleg terreng mellom Kvadneberget og eit nytt vatn som er kome fram etter utbygginga. Når bekkene veks opp i dette terrenget, prega av mykje laus stein, er passasjen utrygg. Botnabrea er den staden i Kvinnherad der det er kortast veg til breen, og ferdsla av fotturistar er aukande. *Vi meiner at Statkraft bør ta kontakt med Kvinnherad Turlag og drøfta ei løysing som gjer tilkomsten til Botnane trygg.*

3 STI PÅ AUSTSIDA AV REDNEDALSSKARET

Traseen på venstre/austre sida av skaret har lenge vore brukt av fastbuande m.a. i samband med tilsyn av beitedyr i området. Denne traseen har såleis vore nytta i lang tid før utbygginga på 1970-talet. Etter at det vart laga bilveg til Rednedalen, er dette den raskaste tilkomsten til fjellområde inn mot Folgefonna. Denne traseen vert no nytta av lokalkjende og andre med tilknytning til området. Turlaget nyttar også denne vegen ved tilsyn og vedlikehald av hyttene Breidablikk og Fonnabu.

Då bekkeinntaket i Rednedalsskaret vart laga, vart også ein bekk leia over via eit sprengt kanalsystem, slik at den no renn over stien og ned i inntaket.

Dette skaper problem når det er mykje vatn, og når det er is. Bekken har i periodar vore flaumstor og tatt med seg massar, slik at nedre deler av stien er "vaska" vekk. Dette er ein direkte konsekvens av utbygginga i Rednedalsskaret.

Det som er viktig for Kvinnherad Turlag å få fram, er at det har skapt problem for ferdsla etter at bekken var lagd om og ned til inntaket i Rednedalsskaret.

Statkraft bør gjera tiltak for å utbetra stien med steintrapper, vaier eller liknande og bør påta seg ansvar for å halda denne ved like. Tiltaket må starta nedanfor inntaket og strekkja seg til over området der bekken er lagd over stien. Same kva tiltak som vert valt, bør Statkraft drøfta dette med Kvinnherad Turlag.

4 T-MERKT STI PÅ VEST- OG SØRSIDA AV SVARTEDALSVATNET

På s. 72, tabell 13 skriv Statkraft om "Utbedring av sti fra nordsiden av Svartedalsvatn".

Under "Kommentar" heiter det: "Utbedring av stien er utført i forbindelse med

damrehabilitering". Vi går ut ifrå at Statkraft her siktar til den T-merkte stien som fører

sørover frå Markjelke til Hundøyra. Det er rett at Statkraft under arbeidet med dammen for

to, tre år sidan merkte ein sti på vest- og sørvestsida av damområdet. Etter at damarbeidet

var ferdig, merkte Kvinnherad Turlag i 2021 langs den traseen som den gamle stien hadde

hatt, inn under dammen og det nye overløpet. I etterkant av dette, og etter kontakt med

Statkraft - og tilråding frå selskapet - fjerna turlaget denne merkinga fordi det var uforsvarleg

å ha ferdsle i dette området etter omlegging av overløpet. Samtundes vart det avtala med

Statkraft at selskapet skulle ta kontakt om samarbeid om skilting og merking av ny sti i

området. Statkraft tok aldri slik kontakt, og difor skilta og merkte Kvinnherad Turlag den nye

traseen utanfor dam- og overløpsområdet åleine. Dette vart gjort sommaren 2022. Den nye merkinga følgjer same trase som Statkraft merkte to, tre somrar tidlegare, men når Statkraft skriv at "Utbedring av stien er utført i forbindelse med damrehabilitering", kan dette ikkje gjelda denne stien. Alle spor av Statkraft si merking to, tre år tidlegare var borte då turlaget merkte sommaren 2022. Skiltinga er det også turlaget som har stått for. *Statkraft bør no supplera skilting i dette området ved t.d. å skilta ei åtvaring for skiløparar på veg nordover/nedover ved ein bratt skrent der det nye overløpet for dammen er sprengt inn.*

5 TILKOMST TIL BEITE I SVARTEDALEN

Etter rehabiliteringa av Svartedalsdemningen for 2-3 år sidan måtte tilkomst for sauer som beitar i Svartedalen på nordsida av Svartedalsvatnet, leggjast om. Den nye stien er ikkje fullført, og derved ikkje god nok i øvre del av traseen. Dette bør utbyggjaren retta på.

6 KRAV OM MINSTEVASSFØRING OG MAGASINRESTRIKSJONAR

Kvinnherad Turlag legg merke til at Statkraft er svært uvillig til å innfri ovannemnde ønskje. Krafttap og redusert flaumvern er gjennomgåande motargument. Slike tiltak vil også svekkja effekten av den planlagde utbygginga Mauranger 2, les vi. Kva om politiske styresmakter på vegner av dei som eig Statkraft, det norske folket, går inn for at desse natur- og miljøtiltaka må takast omsyn til? Statkraft legg i sin argumentasjon mot dei framsette krava einseitig vekt på effektivitet og optimal straumproduksjon. Det lengste selskapet strekkjer seg er å antyda at det kan gjerast ein freistnad på å greia ut om minstevassføring og endra drift kan ha ein positiv verknad for fisk i eit par av elvane som er utbygde. Det grensar til det komiske å lesa kor redd Statkraft er for vatnet "sitt". Noko bør gjerast for å få Øyreselva lakseførande. Dette kan sjølv sagt greiast ut, men eit strakstiltak kan vera å mudra, rydda unna stein og grus i det oppfylte utløpet for å letta tilkomsten til elva for laks og aure.

Kvinnherad Turlag støttar dei krava som er framsette frå ulike hald om slike miljøtiltak, fordi, og sjølv om: "Kjernen i revisjonsprosessen er å avveie muligheten for miljøforbedring opp mot formålet med selve konsesjonen, som er kraftproduksjon." (Statkraft, s. 3) *Det må - og kan ikkje koma så lite ut av ein vilkårsrevisjon i retning av miljøforbetring som det Statkraft legg opp til.*

7 AUKA TRYGGLEIK VED BETRE SAMBAND

Kunne Statkraft ta på seg kostnaden, eller deler av kostnaden, med å etablere ei antenne for vanleg telefoni på Krokaksla? Denne plasseringa ville kunna gje god telefondekning i eit stort område som i dag manglar sikker dekning. *Betre samband kunne vera til nytte både for selskapet sjølv, og for ålmenta som ferdast i Maurangerfjella.*

8 GODALSVATNET

Godalsvatnet har naturleg variasjon av vasstand, ca 4m, mellom sommar og vinter. Dette på grunn av open ur i utløpet.

Etter bortføring av vatn oppstraums ligg vatnet på lågaste nivå også på sommaren. Dette medfører ei skjemma "daudsone" langs stranda.

Ved å etablera ein dam/terskel i utløpet, tilsvarande Markjelkevatn, vil ein kunna stabilisera vasstanden på sommarnivå.

Vatnet har eit areal på ca 350 da. Ved å senka vatnet, ca 4 m, til naturleg "vinternivå" vil ein kunna tilføra Øyreselva ca 1,4 mill. m³ vatn. Dette tilsvarar 0,5 m³ (500 l) pr. sek. i 30 dagar. På den måten kan ein sikra ei større minstevassføring, utan at det går ut over kraftproduksjonen.

I tillegg må det etablerast tersklar og gyteområde i den lakseførande delen av elva. Øyreselva hadde tidlegare livskraftige sjølvrekrutterande stammer både av aure og laks. Jfr. forskningsrapport ved Øystein Skaala, Havforskningsinstituttet.

For Kvinnherad Turlag.

Org nr. **993770892**

Styreleiar Jarle Røstbø

